



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
31.08.2017
Dykkar dato
15.08.2017

Vår referanse
2017/10072 421.4
Dykkar referanse
17/1904

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjon for oppføring av mur - Meland – Gnr. 38 bnr. 23 - Refskar

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.08.2017.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå landbruk, natur- og friluftsformål (LNF) i arealdelen av kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av murar og planering og fylling av terrenget mellom dei to omsøkte murane.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I strandsona skal ein ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser jf. pbl. § 1-8. Meland kommune er i Statleg planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen definert som eit område der presset på areala er stort. Som hovudregel skal byggjeforbodet praktiserast strengt og dispensasjonar unngåast i sentrale områder.

I denne saka er tiltaket alt utført. I saker som gjeld å legalisera ulovleg oppførte tiltak skal ein vurdere om ein ville gitt dispensasjon til tiltaket om det ulovlege tiltaket ikkje hadde vært der i dag. Fylkesmannen si vurdering er at halvøya har gode landskapskvaliteter og det er ingen andre tiltak helt nede i sjøkanten på denne delen av halvøya. Tiltaket er stort og har forandrar landskapet på staden.

Vi konstaterer at søker meiner at tiltaket ikkje vil verke privatiserande. Vi er ikkje samd i dette og meiner at tiltaket har privatisert strandsona ytterlegare.

Slik vi ser det vil ein dispensasjon i denne saka vesentleg tilsidesette både pbl. § 1-8 og LNF-formålet.

Vi meiner også at ein dispensasjon i denne saka kan føre til presedens for liknande saker i området og i kommunen elles.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til murar og planering. Vi ber om få tilsendt kommunen sitt vedtak i saka til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.